

Vedtekt for Aurland Hamnevesen KF

§ 1 Namn på føretaket

Namn på føretaket er Aurland hamnevesen KF

§ 2 Rettsstilling

Føretaket sin eigar er Aurland kommune som hefter uavgrensa for føretaket sine plikter.

§ 3 Formål

Formålet er å stå for planlegging, utbygging og drift av offentlege hamnefunksjonar i Aurland kommune sitt sjøområde, i tillegg til å utøva kommunal hamnemynde i medhold av «Lov om havner og farvann».

Det må liggje til kommunestyre å gjera vedtak om overtaking av kaianlegg og tilsvarande når kaianlegg skal nedklassifiserast til privat kai eller fjernast.

§ 4 Føretaket sitt firma

Føretaket sitt firma underteiknast av både styreleiar og dagleg leiar.

§ 5 Hamnekontoret

Hamnekontoret er føretaket sitt forretningskontor med sete i Aurland kommune

§ 6 Hamnestyret

Kommunestyret sjølv vel hamnestyret på 3-5 medlemmer med personlege varamedlemar.

Hamnestyret sin leiar og nestleiar vert valt særskilt.

Hamnestyret si funksjonstid følgjer kommunevalperioden. Et hamnestyremedlem har rett til å tre tilbake før valperioden er ute, når særlege forhold ligg føre. Like så kan kommunestyret sjølv føreta nyval av medlemmer i valperioden.

§ 7 Hamnestyret si fullmakt - og sitt ansvarsområde

Hamnestyret opptrer på kommunen sine vegne som hamnemynde i medhold av «Lov om havner og farvann», j.fr.føresegn om bruk av og orden i hamner og farvatn i Aurland kommune sitt sjøområde.

Hamnestyret står for planlegging (hamne- og farvassplan) på sektoren og skal i sitt arbeid leggja til rette for god samordning til annan offentlig og privat verksemd.

Hamneforvaltinga ivaretek oppsyn og kontroll med miljømessige forhold (miljøvern) i samband med anlegg og trafikk i sjøområde.

Uttalerett og innstillingsfullmakt overfor kommunestyret er tillagt hamnestyret i saker som har eller kan få noko å seia for hamneverksemda.

Det gjelder m.a.:

- uttalerett/tilråding i plan- og utbyggingssaker som vedkjem hamneverksemda eller sjøretta ferdsel, her under kommuneplan og regulerings-/bebyggelsesplanar
- innstilling til økonomiplan og drifts-/ investeringsbudsjett for hamneverksemda, innanfor råma av kommunale budsjettrutar
- innstilling ved fastsetjing av forskrifter om avgifter og vederlag for hamnetenester
- innstilling ved overtaking kjøp/sal, pantsetjing og makeskifte av fast eigedom, samt gjennomføring av større utbyggingstiltak

- innstilling ved fastsetjing av årsrekskap og årsmelding for hamneverksemda

Avgjersrett har hamnestyret på følgjande saksområder:

- disponering av hamnebudsjettet innanfor råmer fastsett av kommunestyret
- tilsetjing, løns- og tenesteforhold for administrativ leiar av hamneetaten samt organisering av hamneadministrasjonen med tilsetjing/ oppseiing av personell
- inngå avtalar på kommunen sine vegne om forhold som vedgår drift og tilsyn med den kommunale hamneverksemda
- byggherre- og reknskapsansvar for utbyggingsprosjekt som finansierast over hamnebudsjettet
- hamneoppsynstenester i samsvar med Forskrift om bruk av og orden i hamner og farvatn i Aurland hamnedistrikt
- saker etter «Lov om havner og farvann»

§ 8 Ankeprosedyre

Enkeltvedtak etter «Lov om havner og farvann» kan klagast inn til Kystdirektoratet i samsvar med forvaltningslova.

Avgjersler som hamnestyret tek i medhold av kommunalt delegasjonsvedtak, kan eit medlem av hamnestyret, ordfører eller rådmann forlange framlagt for kommunestyret. Krav om slik anke skal setjast fram før møtet sin slutt og protokollerast.

§ 9 Hamnestyret sine møter

Hamnestyret sin leiar sørgjer for at styret held møter så ofte det trengst. Medlem av styret og dagleg leiar kan krevja at styret vert kalla saman.

Styremøter vert innkalla normalt med ei veker skriftleg varsel. Saksdokument vert sende medlemmer og varamedlemar og andre med møterett.

Styret er vedtaksføre når minst halvparten av medlemmene er til stades. Eit forslag er vedteke når det har fått tilslutning frå alminneleg fleirtal. Ved stemmelikheit er møteleiar si stemme avgjerande.

Det skal først møteprotokoll som underskrivast av alle hamnestyremedlemmer.

Styremedlem eller dagleg leiar som er ueinig i styret sine avgjersler, kan krevja å få sin oppfatning innført i protokollen.

§ 10 Dagleg leiar

er direkte underlagt hamnestyret og skal følgja dei retningsliner og pålegg styret gjev. Dagleg leiar skal sørgja for forskriftsmessig reknskapsføring og sikker forvaltning av formuen. Like så at saker hamnestyret handsamar er tilstrekkeleg utgreidd med innstilling til vedtak.

Hamnestyret kan vedta fastsetjing av instruks for stillinga.

§ 11 Forholdet til kommunen sin administrasjon

kommunen sin rådmann har ikkje instruksjons- eller avgjerslefullmakt overfor føretaket sin daglege leiar, innanfor hamnestyret sitt fullmaktsområde.

I saker som skal slutthandsamast i kommunestyret, skal rådmann vera gitt høve til å uttala seg før hamnestyret si handsaming. Like så kan rådmann krevja saker framlagt for kommunestyret, med unntak der vedtak er fatta i medhald av «Lov om havner- og farvann».

§ 12 Havne- og farvannslov og kommunelov

Desse vedtekter har heimel i «Lov om havner- og farvann» og kapittel 11 i kommunelova.